

Svarte skyar rir i meg  
Lengten lokkar, hugen dreg  
Ber du meg?  
Vil i veg

Fager fole byr eg deg  
Sekkar aud tå åkergull  
Fara svint med flyg-før hov  
Ber du meg, eg lovar deg  
Ri ut  
Raido

Stormen stilnar, hugen fer  
Hovslagtromma takten slær  
Hjartet fylgjer, tveim blir ein  
Rir meg fri med raske bein  
Ridande  
Raido

Vilt eg rei og rende  
Fager fole sprengde  
Reiden er for drøsul verst  
Sælt og snar for sitjande  
Raido  
Raido

Rir eg deg  
Så rir eg meir  
For ein er to  
Der knutar knytast  
I byrd er bunde  
Heile verda  
Om eg bind deg  
Kan eg ferde

Ber du meg  
Så ber du meir  
Når to vert ein  
Der lenkjer smiast  
I byrd er bunde  
Heile verda  
Om du bind meg  
Kan du ferde